

KOMMISJONSAVGJERD**2019/EØS/77/65**

av 28. mai 2014

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk*[meld under nummeret K(2014) 3429]*

(2014/312/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) For betre å spegle det aktuelle tekniske nivået på marknaden for denne produktgruppa, og for å ta omsyn til nyskapinga dei seinare åra, er det føremålstenleg å endre verkeområdet for produktgruppa og fastsetje reviderte miljøkriterium.
- 4) Kommisjonsvedtak 2009/543/EF⁽²⁾ og kommisjonsvedtak 2009/544/EF⁽³⁾ handlar om høvesvis måling og lakk til innandørs og utandørs bruk. Desse to rettsaktene er slått saman til eitt kriteriedokument for å redusere den administrative byrda for dei rette organa og søkjarane. Vidare speglar dei reviderte kriteria dei nye krava til farlege stoff, som vart fastsette som følgje av dei tidlegare vedtaka innanfor ramma av forordning (EF) nr. 66/2010.
- 5) Kriteria skal særleg fremje produkt som gjennom livssyklusen sin har redusert miljøverknad, høg kvalitet, høgt ytingsnivå og lang levetid, og som inneheld ei avgrensa mengd farlege stoff⁽⁴⁾ og flyktige organiske sambindingar. Produkt som betrar desse parametrane, bør fremjast gjennom miljømerket. Det bør difor fastsetjast kriterium for tildeling av EU-miljømerket for produktgruppa «måling og lakk».
- 6) Dei reviderte kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken, samstundes som det vert teke omsyn til innovasjonssyklusen til denne produktgruppa.
- 7) Vedtak 2009/543/EF og 2009/544/EF bør difor bytast ut med denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 164 av 3.6.2014, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 118/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 74.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak av 13. august 2008 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til utendørs maling og lakk (TEU L 181 av 14.7.2009, s. 27).

⁽³⁾ Kommisjonsvedtak av 13. august 2008 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til innendørs maling og lakk (TEU L 181 av 14.7.2009, s. 39).

⁽⁴⁾ Stoff med dei fareklassane som er fastsette i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 (CLP-forordninga) (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

- 8) Det bør innførast ein overgangsperiode for produsentar som har fått tildelt miljømerket for måling og lakk til innandørs og utandørs bruk, på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/543/EF og 2009/544/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produkta sine til å vere i samsvar med dei reviderte kriteria og krava.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Produktgruppa «måling og lakk til innandørs og utandørs bruk» skal omfatte dekorasjonsmåling og -lakk, trebeis og tilsvarande produkt til innandørs og utandørs bruk som er meinte for privat bruk og yrkesbruk, og som kjem inn under verkeområdet for europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/42/EF⁽¹⁾.
2. Produktgruppa «måling og lakk til innandørs og utandørs bruk» skal omfatte golvlakk og golvmåling, målingsprodukt som distributørane har brekt etter ønske frå profesjonelle eller ikkje-profesjonelle brukarar, brekkfargesystem, dekorasjonsmåling i væske- eller pastaform som produsenten har tilpassa, brekt eller klargjort for å oppfylle ønska til forbrukarane, medrekna måling og beis til treverk, terrassebeis, måling til mur og metall og grunning og mellomstrøksmåling i slike produktsystem, slik det er definert i vedlegg I til direktiv 2004/42/EF.
3. Produktgruppa omfattar ikkje følgjande produkt:
 - a) grohemmande middel,
 - b) treimpregneringsmiddel,
 - c) middel til særlege industri- og yrkesføremål, medrekna kraftige dekkmateriale,
 - d) pulvermåling,
 - e) UV-herdande målingssystem,
 - f) måling som særleg er meint for køyretøy,
 - g) produkt som har som hovudfunksjon å ikkje danne ein film over underlaget, t.d. oljer og voks,
 - h) fyllstoff som definert i EN ISO 4618,
 - i) måling til vegmerking.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder:

- 1) «måling» eit pigmenthaldig dekkmateriale, i væske-, pasta- eller pulverform, som når det vert påført eit underlag, dannar ein ugjennomsiktig film som har vernande, dekorative eller særskilde tekniske eigenskapar, og som etter påføring tørkar til eit fast, vedhangande og vernande dekke,
- 2) «lakk» eit klart dekkmateriale som når det vert påført eit underlag, dannar ein fast, gjennomsiktig film som har vernande, dekorative eller særskilde tekniske eigenskapar, og som etter påføring tørkar til eit fast, vedhangande og vernande dekke,
- 3) «dekorasjonsmåling og -lakk» måling og lakk som vert nytta til utsmykking og innreiring av bygningar, til dekorasjon og vern,
- 4) «lasur» eit dekke som gjev ein gjennomsiktig eller halvgjennomsiktig film til dekorasjon og vern av treverk mot vêr og vind, slik at vedlikehaldet vert lett å utføre,

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/42/EF av 21. april 2004 om begrensning av utslippene av flyktige organiske forbindelser som skyldes bruk av organiske løsemidler i visse malinger, lakker og produkter for lakking og omlakking av kjøretøyer og om endring av rådsdirektiv 1999/13/EF (TEU L 143 av 30.4.2004, s. 87).

- 5) «brekkfargesystem» ein metode for å framstille farga måling ved å blande ein «base» med brekkfargar,
- 6) «murmåling» eit dekke som utgjer ein vernande og dekorativt film, til bruk på betong, murstein som kan målast, lettbetong, puss, kalsiumsilikatplater eller fibersement,
- 7) «heftgrunning» eit dekke som skal stabilisere lause partiklar i underlaget eller gje vassavvisande eigenskapar,
- 8) «UV-herdande målingssystem» herding av dekkmateriale gjennom kunstig ultrafiolett stråling,
- 9) «pulvermåling» eit vernande eller dekorativt dekke som vert danna ved å påføre eit underlag eit lag med pulver som smeltar og utgjer ein samanhengande film,
- 10) «konserveringsmiddel for produkt under lagring» produkt som vert nytta til konservering av framstilte produkt ved å hindre mikrobiell nedbryting, for å lengje levetida under lagring,
- 11) «konserveringsmiddel til tørrfilm» produkt som vert nytta til konservering av film eller dekke ved å hindre mikrobiell nedbryting eller algevekst, for å verne dei opphavlege overflateeigenskapane til materiale eller gjenstandar,
- 12) «stoff som motverkar hinnedanning» tilsetjingsstoff som vert tilsett dekkmateriale for å hindre at det dannar seg hinner under produksjon eller ved lagring av dekkmaterialet,
- 13) «flyktige organiske sambindingar» (VOC – volatile organic compounds) alle organiske sambindingar som har eit startkokepunkt som er lågare enn eller lik 250 °C, målt ved eit standardtrykk på 101,3 kPa i medhald av definisjonen i direktiv 2004/42/EF, og som i ei kapillærkolonne eluerer opp til og med tetradekan (C₁₄H₃₀) for upolare system, eller dietyladiopat (C₁₀H₁₈O₄) for polare system,
- 14) «delvis flyktige organiske sambindingar» (SVOC – semi volatile organic compounds) alle organiske sambindingar som har eit kokepunkt som er høgare enn 250 °C, og som i ei kapillærkolonne⁽¹⁾ eluerer i retensjonsområdet mellom n-tetradekan (C₁₄H₃₀) og n-dokosan (C₂₂H₄₆) for upolare system, og mellom dietyladiopat (C₁₀H₁₈O₄) og metylpalmitat (C₁₇H₃₄O₂) for polare system,
- 15) «kvit og lys måling» måling med ein tristimulus-verdi (Y-verdi) > 70 %,
- 16) «blank måling» måling som ved ein innfallsvinkel på 60° har ein reflektans på ≥ 60,
- 17) «halvblank måling» (øg kalla silkematt eller halvmatt måling) som ved ein innfallsvinkel på 60° eller 85°, har ein reflektans på < 60 og ≥ 10,
- 18) «matt måling» måling som ved ein innfallsvinkel på 85°, har ein reflektans på < 10,
- 19) «heimatt måling» måling som ved ein innfallsvinkel på 85°, har ein reflektans på < 5,
- 20) «gjennomsiktig» og «halvgjennomsiktig» ein film med ein opasitet på < 98 % ved ein våtfilmtykkleik på 120µ,
- 21) «ugjennomsiktig» ein film med ein opasitet på > 98 % ved ein våtfilmtykkleik på 120µ.

Artikkel 3

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 til produkt som høyrer inn under produktgruppa «måling og lakk», slik ho er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll, er fastsette i vedlegget.

Artikkel 4

Kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering som er fastsette i vedlegget, skal gjelde i eit tidsrom på fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «måling og lakk til innandørs og utandørs bruk» tildelt kodennummeret «044».

⁽¹⁾ Som oppført i avsnitt 8.2.2 i FprCEN/TS 16516.

Artikkel 6

Vedtak 2009/543/EF og 2009/544/EF vert oppheva.

Artikkel 7

1. Søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «måling og lakk», og som er sende inn seinast to månader etter den datoen då denne avgjerda vart teken, kan vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/543/EF eller 2009/544/EF, eller dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda. Søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei byggjer på.
2. Dersom EU-miljømerket er tildelt på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/543/EF eller 2009/544/EF, kan det nyttast i tolv månader frå den datoen denne avgjerda vert teken.

Artikkel 8

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel 28. mai 2014.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

KRITERIUM FOR TILDELING AV EU-MILJØMERKET OG KRAV TIL VURDERING OG KONTROLL

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk:

1. Kvote pigment og motstandsevne mot våtskrubbing
2. Titandioksid
3. Brukseffektivitet
 - a) Spreieevne
 - b) Motstandsevne mot vatn
 - c) Hefteevne
 - d) Slitestyrke
 - e) Vêrpåverknad
 - f) Vassdamppermeabilitet
 - g) Vasspermeabilitet
 - h) Motstandsevne mot soppangrep
 - i) Sprekkoverbygging
 - j) Motstandsevne mot alkaliske stoff
 - k) Korrosjonsmotstand
4. Flyktige og delvis flyktige organiske sambindingar (VOC og SVOC)
5. Avgrensing av farlege stoff og stoffblandingar
 - a) Allmenne avgrensingar som gjeld for fareklassar og risikoseiningar
 - b) Avgrensingar som gjeld for stoff som gjev svært stor grad av uro
 - c) Avgrensingar som gjeld for visse farlege stoff
6. Forbrukaropplysning
7. Opplysningar på EU-miljømerket

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket skal byggje på dei produkta som har best miljøprestasjon på marknaden for måling og lakk. Høge krav til kvalitet og ytingsnivå er naudsynt for å sikre lang levetid for målingsproduktet og på den måten medverke til ein monaleg reduksjon av den miljøverknaden som målinga har gjennom livssyklusen sin. Vidare skal kriteria redusere bruken av flyktige og delvis flyktige organiske sambindingar i målingssamansetnaden.

Bruk av kjemikal og utslepp av ureinande stoff er ein del av produksjonsprosessen, men eit produkt som er tildelt EU-miljømerket, gjev forbrukaren ein garanti for at bruken av slike stoff er avgrensa så langt det er teknisk mogleg, utan at det får følgjer for dugleiken til produktet. Vidare kan det ferdige målings- eller lakkproduktet ikkje vere klassifisert som akutt giftig eller farleg for miljøet i medhald av EU-regelverket om merking av produkt.

Kriteria inneber at konsentrasjonen (som vert kravd med omsyn til spesifikke funksjonar og eigenskapar) av ei rekkje stoff som er peikte ut som farlege for menneskehelse og miljøet, og som iblant vert nytta i målings- og lakksamansetnader, så langt det er mogleg vert forboden eller avgrensa til eit minstemål. Berre dersom eit stoff trengst for å oppfylle dei forventingane som forbrukarane har til produktytinga, eller for å oppfylle obligatoriske krav til produktet (til dømes konservering av målinga), og dersom det ikkje finst tilgjengelege alternativ som er nytta og prøvde ut, kan det gjevast unntak for at eit slikt stoff kan nyttast i produkt med EU-miljømerket.

Unntak vert vurderte på grunnlag av føre-var-prinsippet og vitskapleg og teknisk dokumentasjon, særleg dersom tryggare produkt er tilgjengelege på marknaden.

Det kan verte naudsynt å be om prøving av sluttproduktet for å sjå om det inneheld farlege stoff som er omfatta av avgreningskrav, med sikte på å sikre forbrukarane ein høg grad av tryggleik.

Der det høver skal det òg innførast strenge krav til handsaminga av stoff i framstillingsprosessane for måling og lakk for å unngå at arbeidstakarane vert utsette for fare. Kontrollen med at desse kriteria er oppfylte, vert gjort på ein måte som sikrar forbrukarane ein høg grad av tryggleik, viser korleis søkjarane har praktisk høve til å få informasjon frå forsyningskjeda, og gjer det uråd for søkjarane å vere «gratispassasjerar».

Vurdering og kontroll

a) Krav

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan desse kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

I tilfelle endringar, som til dømes av leverandør eller av målingssamansetnaden, eller ved utviding av ein produktserie, som fører til ei endring i korleis målinga eller lakken oppfyller eitt eller fleire kriterium (alt etter kva som høver), skal miljømerkeinnnehavaren, før endringa vert gjord, leggje fram for det relevante rette organet opplysningar som viser at produktet framleis oppfyller dei relevante kriteria.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium, dersom det er gjort greie for dei i brukarhandboka for miljømerkekriteria, og så fram det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dei rette organa skal helst godkjenne prøvingar som er akkrediterte i samsvar med ISO 17025, og kontrollar som er utførte av organ som er akkrediterte i medhald av EN 45011 eller ein tilsvarende internasjonal standard.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

b) Målegrenser

Dersom stoff og stoffblandingar som medvite er vortne tilsette, og biprodukt eller ureinske frå råstoff, finst i konsentrasjonar på minst 0,010 vektprosent i den endelege samansetnaden, skal dei oppfylle miljømerkekriteria med mindre noko anna er nemnt.

c) Opplysningar om den nøyaktige produktsamansetnaden, medrekna verkemåten og den fysiske forma til alle delemna som er nemnde i kriteria, i tillegg til eventuelle ytterlegare funksjonelle delemne og konsentrasjonen av dei, skal leggjast fram for det rette organet. For kvart delemne skal det opplysast om kjemisk nemning, CAS-nummer og CLP-klassifisering i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008. Det skal opplysast om alle delemne som er nemnde i kriteria, i tillegg til eventuelle ytterlegare funksjonelle delemne og kjende ureiningar som finst i produktet i konsentrasjonar som er høgare enn 0,010 %, med mindre det er naudsynt med ein lågare konsentrasjon for å oppfylle eit vilkår for unntak.

I kriteria omfattar delemne stoff og stoffblandingar eller blandingar. Definisjonane av «stoff» og «stoffblandingar» er førte opp i artikkel 3 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽¹⁾ («REACH-forordninga»).

Tryggleiksdatablad og/eller CAS-nummer og CLP-klassifiseringar for kvart delemne skal sendast over til det rette organet i samsvar med REACH-forordninga.

- d) For alle kriterium bortsett frå kriterium 4, Flyktige og delvis flyktige organiske sambindingar (VOC og SVOC), skal grenseverdiane gjelde for målinga eller lakken i emballasjen. I samsvar med direktiv 2004/42/EF skal VOC-grenseverdiane gjelde for det bruksferdige produktet, og høgsteinnhaldet av flyktige organiske sambindingar skal difor målast eller reknast ut medrekna eventuelle tilrådde tilsetjingar, til dømes fargestoff og/eller fortynningsmiddel. Med omsyn til denne utrekninga eller målinga er det naudsynt at råstoffleverandørane gjev opplysningar om innhaldet av faste stoff, flyktige organiske sambindingar og produktensitet. Dette gjeld òg for måling og utrekning av delvis flyktige organiske sambindingar. Dei rette organa kan krevje prøving med omsyn til delvis flyktige organiske sambindingar for å validere utrekningane.

Kriterium 1. Kvite pigment og motstandsevne mot våtskrubbing

1 a) *Minstekrav til innhald av kvite pigment*

Vegg- og takmåling til innandørs bruk som er ført opp med ei motstandsevne mot våtskrubbing som svarar til klasse 1 og 2, skal ha eit innhald av kvite pigment (innhaldet av kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8) per m² tørrfilm som er mindre enn eller lik verdien i tabell 1, med ein opasitet på 98 %. I brekkfargesystem gjeld dette kravet berre for målingsbasen.

Tabell 1

Høvet mellom motstandsevne mot våtskrubbing og TiO₂-innhald i innandørsmåling

Motstandsevne mot våtskrubbing	Grenseverdi innandørs (g/m ²)
Klasse 1	40
Klasse 2	36

For all anna måling, medrekna kalkmåling, silikatmåling, grunning, rusthindrande måling og fasademåling, skal innhaldet av kvite pigment (innhaldet av kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8) ikkje overstige 36 g/m² for innandørsprodukt og 38 g/m² for utandørsprodukt. Dersom målinga er til både innandørs og utandørs bruk, skal den strengaste grenseverdien nyttast.

Dersom produkta som er nemnde ovanfor, vert omfatta av unntaket i bokstav b), skal innhaldet av kvite pigment (innhaldet av kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8) ikkje overstige 25 g/m² tørrfilm, med ein opasitet på 98 %.

1 b) *Minstekrav til motstandsevne mot våtskrubbing (berre for innandørsmåling)*

All vegg- og takmåling til innandørs bruk (toppstrøk) skal ha ei motstandsevne mot våtskrubbing som oppfyller krava i klasse 1 eller klasse 2 i samsvar med EN 13300 og EN ISO 11998. Dette kravet gjeld berre for basane i brekkfargesystem (målingsbasar).

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

Vegg- og takmåling til innandørs bruk med eit innhald av kvite pigment (innhaldet av kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8) som er mindre enn eller lik 25g/m^2 tørrfilm, med ein opasitet på 98 %, har unntak frå dette kravet.

Berre miljømerkt måling med ei motstandsevne mot våtskrubbing som svarar til klasse 1 og 2, kan førast opp på merket eller i anna marknadsføringsmateriell med motstandsevne mot våtskrubbing.

Vurdering og kontroll: Krava i både 1 a) og 1 b) skal oppfyllest. Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser at innhaldet av kvite pigment er i samsvar med dette kriteriet.

Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport i samsvar med EN 13300 på grunnlag av metoden i EN ISO 11998 (prøving av reingjeringssevne og motstand mot våtskrubbing). For takmåling og veggmåling til innandørs bruk skal merket på emballasjen, medrekna den tilhøyrande teksta, leggjast fram som prov på motstandsevne mot våtskrubbing.

Kriterium 2. Pigment av titandioksid

Dersom produktet inneheld meir enn 3,0 vektprosent titandioksid, skal utslepp av og avfall frå framstillinga av det titandioksidpigmentet som vert nytta, ikkje overstige følgjande verdiar⁽¹⁾:

For sulfatprosessen:

- SO_x utrekna som SO₂ : 7,0 kg/tonn TiO₂-pigment
- Sulfatavfall: 500 kg/tonn TiO₂-pigment

For kloridprosessen:

- Dersom naturleg rutil vert nytta: 103 kg kloravfall/tonn TiO₂-pigment
- Dersom syntetisk rutil vert nytta: 179 kg kloravfall/tonn TiO₂-pigment
- Dersom slagge vert nytta: 329 kg kloravfall/tonn TiO₂-pigment

Dersom det vert nytta meir enn éin type malm, skal verdiane nyttast i høve til mengda av kvar malmtypen som er nytta.

Merknad:

SO_x-utslepp gjeld berre for sulfatprosessen.

Definisjonen av avfall i artikkel 3 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF⁽²⁾ (rammedirektivet om avfall) skal nyttast. Dersom det faste avfallet frå produsenten av TiO₂ oppfyller vilkåra i artikkel 5 (produksjon av biprodukt) i rammedirektivet om avfall, skal avfallet gjevast unntak.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utfyllande dokumentasjon som viser at titandioksidprodusenten som framstiller råstoffet til målingsprodukta, oppfyller kriteriet, enten i form av ei fråsegn om at titandioksid ikkje vert nytta, eller ei fråsegn som er underbygd med opplysningar om at grenseverdiane for høvesvis prosessutslepp og utslepp av avfall, vert etterlevde.

Kriterium 3. Brukseffektivitet

For å vise brukseffektiviteten til måling og lakk skal følgjande prøvingar per type måling og/eller lakk i samsvar med tabell 2, gjennomførast:

⁽¹⁾ Utleidd frå referansedokumentet om den beste tilgjengelege teknologien for framstilling av store mengder uorganiske kjemikal (BREF), august 2007.

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF av 19. november 2008 om avfall og om oppheving av visse direktiver (TEU L 312 av 22.11.2008, s. 3).

Tabell 2

Krav til yteevne for ulike typar måling og lakk

Kriterium	Måling og lakk (med tilhøyrande underkategoriar i samsvar med direktiv 2004/42/EF)							
	Innandørsmåling (a, b)	Utandørsmåling (c)	Utsmykking og kledning (d)	Tjukk dekorasjons- måling til innandørs og utandørs bruk (l)	Lakk og trebeis (e, f)	Einkomponents spesialmåling og golvmåling (i)	Grunning (g)	Mellomstrøks- måling og grunning (h)
3 a) Spreieevne (berre for kvit og lys måling, medrekna dei kvite målingsbasane som vert nytta i brekkfargesystem) — ISO 6504/1	8 m ² /l	4 m ² /l (måling med elastomerar) 6 m ² /l (murmåling)	Utandørsprodukt 6 m ² /l Innandørsprodukt 8 m ² /l	1 m ² /l	—	Utandørsprodukt 6 m ² /l Innandørsprodukt 8 m ² /l	6 m ² /l (utan opasitet) 8 m ² /l (med opasitet)	6 m ² /l (utan opasitet) 8 m ² /l (med opasitet)
3 b) Motstandsevne mot vatn — ISO 2812-3	—	—	—	—	Motstandsdyktig mot vatn	Motstandsdyktig mot vatn	—	—
3 c) Hefteevne — EN 24624	—	—	—	—	—	Prøvingsresultat 2	1,5 MPa (murmåling)	1,5 MPa (murmåling)
3 d) Slitestyrke EN ISO 7784-2	—	—	—	—	—	70 mg vekttaap	—	—
3 e) Vêrpåverknad — EN 11507/EN 927-6	—	1000 t	1000 t (utandørs)	1000 t (utandørs)	1000 t (utandørs)	1000 t (utandørs)	—	—
3 f) Vassdamppermeabilitet ⁽¹⁾ — EN ISO 7783	—	Klasse II eller betre	—	Klasse II eller betre (utandørs)	—	—	—	—
3 g) Vasspermeabilitet ⁽¹⁾ — EN 1062-3	—	Dersom det er gjeve opplysningar om målinga: Klasse III Alle andre produkt: Klasse II eller betre	—	Klasse II eller betre (utandørs)	—	—	—	—

Kriterium	Måling og lakk (med tilhørende underkategoriar i samsvar med direktiv 2004/42/EF)							
	Innandørsmåling (a, b)	Utandørsmåling (c)	Utsmykking og kledning (d)	Tjukk dekorasjons- måling til innandørs og utandørs bruk (l)	Lakk og trebeis (e, f)	Einkomponents spesialmåling og golvmåling (i)	Grunning (g)	Mellomstrøks- måling og grunning (h)
3 h) Motstandsevne mot soppangrep ⁽¹⁾ — EN 15457	—	Klasse 1 eller lågare (måling til mur eller treverk)	Klasse 0 (utandørsprodukt til treverk)	Klasse 1 eller lågare (utandørs)	—	—	—	—
3 h) Motstandsevne mot algevekst — EN 15458 ⁽¹⁾	—	Klasse 1 eller lågare (måling til mur eller treverk)	Klasse 0 (utandørsprodukt til treverk)	Klasse 1 eller lågare (utandørs)	—	—	—	—
3 i) Sprekkoverbygging ⁽¹⁾ — EN 1062-7	—	A1 (berre måling med elastomerar)	—	—	—	—	—	—
3 j) Motstandsevne mot alkaliske stoff — ISO 2812-4	—	Murmåling	—	—	—	—	Utandørs til mur	Utandørs til mur
3 k) Korrosjonsmotstand ⁽¹⁾ EN ISO 12944-2 og 12944-6, ISO 9227, ISO 4628-2 og 4628-3	—	Rusthindrande måling Blæring: ≥ storleik 3/ densitet 3 Rusting: ≥ Ri2	Rusthindrande måling Blæring: ≥ storleik 3/ densitet 3 Rusting: ≥ Ri2	—	—	Rusthindrande måling Blæring: ≥ storleik 3/ densitet 3 Rusting: ≥ Ri2	Rusthindrande måling Blæring: ≥ storleik 3/ densitet 3 Rusting: ≥ Ri2	Rusthindrande måling Blæring: ≥ storleik 3/ densitet 3 Rusting: ≥ Ri2

⁽¹⁾ Naudsynt berre dersom dette vert nemnt i marknadsføringa av målinga.

3 a) *Spreieevne*

Krav til spreieevne skal gjelde for kvite og lyse målingsprodukt. For måling som er tilgjengeleg i fleire fargar, skal spreieevnekravet gjelde for den lysaste fargen.

Kvit og lys måling (medrekna toppstrøksmåling og mellomstrøksmåling) skal ha ei spreieevne (med ei dekkevne på 98 %) på minst 8 m² per liter av produktet for innandørsmåling og 6 m² for utandørsmåling. Produkt som vert marknadsførte for både innandørs og utandørs bruk, skal ha ei spreieevne (med ei dekkevne på 98 %) på minst 8 m² per liter.

For brekkfargesystem gjeld dette kriteriet berre for den kvite basen (den basen som inneheld mest TiO₂). Dersom den kvite basen ikkje oppfyller dette kravet, skal kriteriet oppfyllest etter brekking av den kvite basen til standardfargen RAL 9010.

For måling som inngår i eit brekkfargesystem, skal søkjaren gje sluttbrukaren opplysningar på produktemballasjen og utsalsstaden om kva fargenyanse eller grunning/mellomstrøksmåling (om mogleg med EU-miljømerket) som bør nyttast som underlag for ein mørkare farge.

Gjennomsiktig og halvgjennomsiktig grunning og mellomstrøksmåling skal ha ei spreieevne på minst 6 m², og dei med opasitet skal ha ei spreieevne på minst 8 m². Ugjennomsiktig grunning med særskilde blokkerande/forseglande, gjennomtrengande/bindande eigenskapar, og grunning med særlege hefteeigenskapar skal ha ei spreieevne på minst 6 m² per liter produkt.

Tjukk dekorasjonsmåling (måling som er særskilt utforma for å gje ein tredimensjonal dekorativ verknad, og som følgjeleg gjev eit svært tjukt lag) skal ha ei spreieevne på 1 m² per kg av produktet.

Ugjennomsiktig måling med elastomerar skal ha ei spreieevne på minst 4 m² per liter av produktet.

Dette kravet gjeld ikkje for lakk, lasur, gjennomsiktig heftgrunning eller anna gjennomsiktig dekke.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden ISO 6504/1 («Maling og lakk — bestemmelse av dekkevne — Del 1: Kubelka-Munk-metode for hvite og lysfargede malinger») eller 6504/3 («Del 3: Bestemmelse av kontrastgrad for lysfargede malinger ved en gitt dekkevne»), eller metoden NF T 30073 for måling som er særskilt utforma for å gje ein tredimensjonal dekorativ verknad, og som gjev eit svært tjukt lag. For basar som vert nytta i brekkfargesystem, og som ikkje vert vurderte i samsvar med dei førnemnde krava, skal søkjaren leggje fram dokumentasjon på at sluttbrukaren vert tilrådd å påføre ei grunning og/eller ei mellomstrøksmåling i grått (eller annan relevant farge) før produktet vert påført.

3 b) *Motstandsevne mot vatn*

Alle typar lakk, golvlakk og golvmåling skal ha ei motstandsevne mot vatn slik det er fastsett i ISO 2812-3, noko som inneber at det etter 24 timars eksponering og 16 timars kviletid ikkje skal kunne påvisast noka endring i glans eller farge.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden ISO 2812-3.

3 c) *Hefteevne*

Pigmentert murgrunning til utandørs bruk skal oppnå godkjent resultat i ei avtrekksprøving i samsvar med EN 24624 (ISO 4624), der kohesjonsevna i underlaget skal vere lågare enn hefteevna til målinga, og viss ikkje må hefteevna til målinga vere større enn 1,5 MPa for å verte godkjend.

Golvlakk, golvmåling, mellomstrøksmåling til golv, murgrunning til innandørs bruk og mellomstrøksmåling til metall og treverk skal oppnå resultatet 2 eller mindre i prøvinga av hefteevne i EN 2409.

Gjennomsiktig grunning er ikkje omfatta av dette kravet.

Søkjaren skal vurdere grunninga og/eller toppstrøksmålinga aleine eller begge saman. Ved prøving av berre toppstrøksmålinga skal dette vurderast som det verst tenkjelege tilfellet når det gjeld hefteevne.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i EN ISO 2409 eller EN 24624 (ISO 4624), alt etter kva som høver.

3 d) *Slitestyrke*

Golvlakk og golvmåling skal ha ein slitestyrke som svarar til eit vektta på høgst 70 mg etter 1000 prøvingscyklusar med ei last på 1000 gram, og eit CS10-hjul i samsvar med EN ISO 7784-2.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som syner at dette kriteriet er oppfylt, på grunnlag av metoden i EN ISO 7784-2.

3 e) *Vêrpåverknad (for måling og lakk til utandørs bruk)*

Toppstrøksmåling til mur, treverk og metall, medrekna lakk, skal eksponerast for kunstig atmosfære i eit apparat med fluoriserande UV-lamper og kondens- eller vassprøyting i samsvar med ISO 11507. Produkta skal eksponerast for prøvingstilhøva i 1000 timar. Prøvingstilhøva er: UVA 4 t/60 °C + fukt 4 t/50 °C.

Utandørsmåling og -lakk til treverk (toppstrøksmåling) kan òg eksponerast for vêrpåverknad i 1000 timar i QUV-apparatet for akselerert vêrpåverknad med syklisk eksponering for UV(A)-stråling og vassprøyting i samsvar med EN 927-6.

I samsvar med ISO 7724 3 skal fargeendringa på prøvene som er vortne eksponerte for vêrpåverknad, ikkje vere større enn $\Delta E^* = 4$. Dette gjeld ikkje for lakk og basar.

Glansen i blank måling og lakk som er eksponerte for vêrpåverknad, skal ikkje vere redusert med meir enn 30 % av den opphavlege verdien og skal målast i samsvar med ISO 2813. Dette kravet gjeld ikkje for halvblank eller matt toppstrøksmåling⁽¹⁾ som har ein opphavleg glansverdi som er lågare enn 60 % ved ein innfallsvinkel på 60°.

For toppstrøksmåling til mur, treverk og metall (dersom det er relevant) skal kriting prøvast i samsvar med metoden i EN ISO 4628-6 etter at prøvene er vortne eksponerte for vêrpåverknad. Produkta skal oppnå resultatet 1,5 eller betre (0,5 eller 1,0) i denne prøvinga. Standarden inneheld illustrerte referansar.

For toppstrøksmåling til mur, treverk og metall skal følgjande parametarar òg vurderast etter at prøvene er vortne eksponerte for vêrpåverknad:

avflaking i samsvar med ISO 4628-5: grad av avflaking høgst 2 og flakstorleik høgst 2,

krakelering i samsvar med ISO 4628-4: grad av krakelering høgst 2 og sprekkstorleik høgst 3,

blæring i samsvar med ISO 4628-2: grad av blæring høgst 3 og blærestorleik høgst 3.

Prøvingane skal utførast på basen før brekking.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram prøvingsrapportar som byggjer på anten ISO 11507 i samsvar med dei parametranne som er spesifiserte, eller EN 927-6, eventuelt begge. Søkjaren skal leggje fram prøvingsrapportar som byggjer på EN ISO 4628-2, 4, 5 og 6, og ein prøvingsrapport i samsvar med ISO 7724-3 der dette er relevant.

3 f) *Vassdamppermeabilitet*

Dersom det er gjeve opplysningar om at utandørsmåling til mur og betong er diffusjonsopen, skal målinga klassifiserast i samsvar med EN 1062-1 i klasse II (middels vassdamppermeabilitet) eller betre, i samsvar med prøvingsmetoden i EN ISO 7783.

⁽¹⁾ EN ISO 2813.

På grunn av det store talet på moglege brekkfargar vert dette kriteriet avgrensa til prøving av målingsbasen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i EN ISO 7783, og opplyse om klassifisering i samsvar med EN 10602-1.

3 g) *Vasspermeabilitet*

Dersom det er gjeve opplysningar om at utandørsmåling til mur og betong er vassavstøytande eller har elastomeriske eigenskapar, skal målinga klassifiserast i samsvar med EN 1062-1 i klasse III (låg væskepermeabilitet), i samsvar med metoden i EN 1062-3.

På grunn av det store talet på moglege brekkfargar vert dette kriteriet avgrensa til prøving av målingsbasen.

All anna murmåling skal klassifiserast i samsvar med EN 1062-1 i klasse II (middels væskepermeabilitet) eller betre, i samsvar med prøvingsmetoden i EN 1062-3.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i EN 1062-3, og opplyse om klassifisering i samsvar med EN 1062-1.

3 h) *Motstandsevne mot soppangrep og algevekst*

Dersom det er gjeve opplysningar om at utandørsmåling til mur (toppstrøk) og treverk har sopp- og algedrepende eigenskapar i samsvar med produkttype 7 i europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 528/2012⁽¹⁾ (biocidforordninga), skal krava nedanfor fastsetjast på grunnlag av EN 15457 og EN 15458.

Murmåling skal ha ei motstandsevne mot soppangrep som svarar til klasse 1 eller lågare (1 eller 0), dvs. under 10 % dekt av sopp, og ei motstandsevne mot algevekst som svarar til klasse 1 eller lågare.

Måling til treverk skal ha ei motstandsevne mot soppangrep og ei motstandsevne mot algevekst som begge svarar til 0.

På grunn av det store talet på moglege brekkfargar vert dette kriteriet avgrensa til prøving av målingsbasen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metodane i EN 15457 og EN 15458.

3 i) *Sprekkoverbygging*

Dersom det er gjeve opplysningar om at måling til mur (eller betong) har elastomeriske eigenskapar, skal målinga minst klassifiserast som A1 ved 23 °C i samsvar med EN 1062.

På grunn av det store talet på moglege brekkfargar vert dette kriteriet avgrensa til prøving av målingsbasen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i DIN EN 1062-7.

3 j) *Motstandsevne mot alkaliske stoff*

Det skal ikkje vere synlege skadar på murmåling og -grunning etter at ei løysing med 10 % NaOH er sprøytta på i 24 timar i samsvar med metoden i ISO 2812-4. Vurderinga skal gjerast etter 24 timar med tørking/restitusjon.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i ISO 2812-4.

3 k) *Korrosjonsmotstand*

Eit underlag skal utsetjast for simulert korrosjonspåverknad for å kunne verte klassifisert i rett(e) kategori(ar) for atmosfærisk korrosjon i høve til EN ISO 12944-2 og dei tilhøyrande prøvingsmetodane i EN ISO 12944-6. Rusthindrande måling til stålflater skal prøvast etter 240 timar med eksponering for salttåke i samsvar med ISO 9227. Resultata skal klassifiserast i samsvar med ISO 4628-2 for blæring og ISO 4628-3 for rusting. Resultatet av målinga skal minst vere storleik 3 for blæring og minst Ri2 for rusting.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 528/2012 av 22. mai 2012 om tilgjengeliggjoring på markedet og bruk av biocidprodukter (TEU L 167 av 27.6.2012, s. 1).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram prøvings- og klassifiseringsrapportar som viser at dette kriteriet er oppfylt.

Kriterium 4. Innhald av flyktige og delvis flyktige organiske sambindingar (VOC og SVOC)

Høgsteinnhaldet av VOC og SVOC skal ikkje overstige dei grenseverdiane som er førte opp i tabell 3.

Innhaldet av VOC og SVOC skal fastsetjast for det bruksferdige produktet og skal omfatte alle tilrådde tilsetjingar før bruk, som til dømes fargestoff og/eller fortynningsmiddel.

På produkt som har eit VOC-innhald som er i samsvar med grenseverdiane i tabell 3, kan teksta « redusert innhald av flyktige organiske sambindingar » førast opp saman med VOC-innhaldet i g/l ved sida av miljømerket.

Tabell 3

Grenseverdier for innhald av VOC og SVOC

Produktomtale (med underkategorinemningar i samsvar med direktiv 2004/42/EF)	Grenseverdier for VOC (g/l medrekna vatn)	Grenseverdier for SVOC (g/l medrekna vatn)
a. Matt vegg- og takmåling til innandørs bruk (glans < 25 ved 60°)	10	30 ⁽¹⁾ /40 ⁽²⁾
b. Blank vegg- og takmåling til innandørs bruk (glans > 25 ved 60°)	40	30 ⁽¹⁾ /40 ⁽²⁾
c. Utandørsmåling til mineralske flater	25	40
d. Måling til utsmykking og kledning av treverk og metall innandørs/utandørs	80	50 ⁽¹⁾ /60 ⁽²⁾
e. Lakk, lasur og beis til utsmykking innandørs, medrekna dekkbeis	65	30
e. Lakk, lasur og beis til utsmykking utandørs, medrekna dekkbeis	75	60
f. Tynnsjikta lasur, olje eller beis til innandørs og utandørs bruk	50	30 ⁽¹⁾ /40 ⁽²⁾
g. Grunning	15	30 ⁽¹⁾ /40 ⁽²⁾
h. Heftgrunning	15	30 ⁽¹⁾ /40 ⁽²⁾
i. Einkomponents spesialmåling	80	50 ⁽¹⁾ /60 ⁽²⁾
j. Reaktiv tokomponents spesialmåling til særskild bruk, til dømes på golv	80	50 ⁽¹⁾ /60 ⁽²⁾
l. Effektmåling	80	50 ⁽¹⁾ /60 ⁽²⁾
Rusthindrande måling	80	60

⁽¹⁾ Kvit måling og lakk til innandørs bruk

⁽²⁾ Brekt måling til innandørs bruk / måling og lakk til utandørs bruk

VOC-innhaldet skal fastsetjast anten på grunnlag av delemne og råstoff eller ved å nytte metodane i ISO 11890-2 eller, for produkt med eit VOC-innhald som er mindre enn 1,0 g/l, metodane i ISO 17895. SVOC-innhaldet skal fastsetjast ved å nytte metoden i ISO 11890-2. Markørane i tabell 4 skal nyttast som grunnlag for å avgrense gasskromatografiresultata for SVOC. Dersom produkta er til både innandørs og utandørs bruk, skal den strengaste grenseverdien for SVOC i innandørsmåling nyttast.

Tabell 4

Markørsambindingar som skal nyttast i fastsetjinga av SVOC-innhald

	Polare system (vassfortynnbare målingsprodukt)	Upolare system (løysemiddelbaserte målingsprodukt)
SVOC	Dietyladiopat (C ₁₀ H ₁₈ O ₄) til metylpalmitat (C ₁₇ H ₃₄ O ₂)	n-tetradekan (C ₁₄ H ₃₀) til n-dokosan (C ₂₂ H ₄₆)

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal, med omsyn til VOC-innhaldet i det bruksferdige produktet, leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metodane i ISO 11890-2 eller ISO 17895, og som viser at kriteriet er oppfylt, eller ei samsvarsfråsegn som er underbygd av utrekningar basert på delemna og råstoffa i målinga.

Søkjaren skal, med omsyn til SVOC-innhaldet i det bruksferdige produktet, leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på metoden i ISO 11890-2, eller ei samsvarsfråsegn som er underbygd av utrekningar basert på delemna og råstoffa i målinga. Prøvinga bør utførast med tilvising til markørane i tabell 4 og brukarhandboka for kriteria. Rette organ kan be om at søkjarane validerer utrekningane ved hjelp av den fastsette prøvingsmetoden.

Kriterium 5. Avgrensing av farlege stoff og stoffblandingar

Sluttproduktet skal ikkje innehalde farlege stoff og stoffblandingar i samsvar med føresegnene i underkriteria nedanfor, som gjeld for

- fareklassar og risikosegningar,
- stoff som gjev svært stor grad av uro,
- andre særskilde stoff som er oppførte.

Søkjarane skal prove at samansetnaden av sluttproduktet er i samsvar med dei allmenne krava til vurdering og kontroll og eventuelle andre krav som er førte opp i tillegget.

5 a) Allmenne avgrensingar som gjeld for fareklassar og risikosegningar

Samansetnaden av sluttproduktet, medrekna alle delemne som medvite er vortne tilsette, og som finst i konsentrasjonar som er høgare enn 0,010 %, skal ikkje, med mindre dei er gjevne uttrykkjeleg unntak i tillegget, innehalde stoff eller stoffblandingar som er klassifiserte som giftige, farlege for miljøet, luftvegs- eller hudsensibiliserande, kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008 eller rådsdirektiv 67/548/EF⁽¹⁾ og i samsvar med dei fare- og risikosegningane som er oppførte i tabell 5 i dette kriteriet.

Tabell 5

Avgrensingar som gjeld for fareklassar og inndelinga deira

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
H300 Dødeleg ved svelging (R28)	H301 Giftig ved svelging (R25)
H310 Dødeleg ved hudkontakt (R27)	H311 Giftig ved hudkontakt (R24)

⁽¹⁾ Rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer (TEF 196 av 16.8.1967, s. 1).

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
H330 Dødeleg ved innanding (R23/26)	H331 Giftig ved innanding (R23)
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane (R65)	EUH070 Giftig ved kontakt med auga (R39/41)

Giftverknad på visse organ	
Kategori 1	Kategori 2
H370 Fører til organskadar (R39/23, R39/24, R39/25, R39/26, R39/27, R39/28)	H371 Kan føre til organskadar (R68/20, R68/21, R68/22)
H372 Fører til organskadar (R48/25, R48/24, R48/23)	H373 Kan føre til organskadar (R48/20, R48/21, R48/22)

Luftvegs- og hudsensibilisering	
Kategori 1A	Kategori 1B
H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon (R43)	H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon (R43)
H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding (R42)	H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding (R42)

Kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske	
Kategori 1A og 1B	Kategori 2
H340 Kan gje genetiske skadar (R46)	H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar (R68)
H350 Kan føre til kreft (R45)	H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft (R40)
H350i Kan føre til kreft ved innanding (R49)	
H360F Kan skade forplantingsevna (R60)	H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna (R62)
H360D Kan gje fosterskadar (R61)	H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar (R63)
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar (R60, R60/61)	H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar (R62/63)
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar (R60/63)	H362 Kan skade barn som vert amma (R64)
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna (R61/62)	

Akutt giftverknad	
Kategori 1 og 2	Kategori 3
Farleg for vassmiljøet	
Kategori 1 og 2	Kategori 3 og 4
H400 Svært giftig for liv i vatn (R50)	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn (R52/53)
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn (R50/53)	H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn (R53)
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn (R51/53)	
Farleg for ozonlaget	
EUH059 Farleg for ozonlaget (R59)	

Dei nyaste klassifiseringsføresegnene som Unionen har vedteke, skal ha førerang for dei oppførte fareklassane og risikosegningane. I samsvar med artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1272/2008 skal søkjarane difor syte for at klassifiseringane byggjer på dei nyaste føresegnene om klassifisering, merking og emballering av stoff og stoffblandingar.

Søkjarane skal rekne ut fareklassifiseringa til det ferdige målingsproduktet for å vise at det oppfyller kriteriet. Utrekninga skal gjerast i samsvar med dei metodane for klassifisering av stoffblandingar som er fastsette i forordning (EF) nr. 1272/2008 og alle etterfølgjande endringar. Tabell 6 inneheld ei jamføring mellom klassifiseringane av stoffblandingar i samsvar med direktiv 67/548/EØF om farlege stoff (heretter kalla «DSD») og klassifiseringane i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008 (CLP-forordninga).

Sluttproduktet skal ikkje klassifiserast og merkast som akutt giftig, giftig for visse organ, luftvegs- eller hudsensibiliserande, kreftframkallande, arvestoffskadeleg, reproduksjonstoksisk eller farleg for miljøet, i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008 eller direktiv 67/548/EØF.

Tabell 6

Klassifisering av sluttprodukt: Jamføring mellom CLP og DSD

CLP-klassifisering av stoffblandingar	DSD-ekvivalent
Akutt giftig	T eller T+
Giftverknad på visse organ	T, T+ eller Xn
Luftvegs- eller hudsensibiliserande	—
Kreftframkallande, arvestoffskadeleg eller reproduksjonstoksisk	Kreftframkallande, arvestoffskadeleg eller reproduksjonstoksisk kategori 1–3
Farleg for miljøet	N (med unntak av R53 og R52/53)

5 a)(i) *Unntak for stoffgrupper*

For denne produktgruppa er det gjeve unntak for visse stoffgrupper som kan vere til stades i sluttproduktet. Desse unntaka fastset, for kvar einskild stoffgruppe, kva slags færeklassifisering det er gjeve unntak for, kva slags vilkår som gjeld for unntaka, og kva konsentrasjonsgrenser som skal nyttast. Unntaka er førte opp i tillegget og skal nyttast på følgjande stoffgrupper:

1. Konserveringsmiddel som er tilsette i fargestoff, bindemiddel og sluttproduktet
 - a) Konserveringsmiddel for produkt under lagring
 - b) Konserveringsmiddel i fargebrekkingsmaskiner
 - c) Konserveringsmiddel til tørrfilm
 - d) Stabilisatorar for konserveringsmiddel
2. Tørkemiddel og middel som motverkar hinnedanning
 - a) Tørkemiddel
 - b) Middel som motverkar hinnedanning
3. Korrosjonshemmarar
 - a) Korrosjonshemmarar
 - b) Førebyggjande middel mot eir
4. Overflateaktive stoff
 - a) Overflateaktive stoff til generell bruk
 - b) Alkylfenoletoksyat (APEO)
 - c) Perfluorete overflateaktive stoff
5. Diverse funksjonelle stoff til generell bruk
 - a) Silikonharpiksemulsjon i kvit måling, fargestoff og basar i brekkfargesystem
 - b) Metall og sambindingane deira
 - c) Mineralråstoff medrekna fyllstoff
 - d) Nøytraliseringsmiddel
 - e) Optiske kvitgjeringsmiddel
 - f) Pigment
6. Diverse funksjonelle stoff til særskild bruk
 - a) Middel til vern mot UV-strålar og stabilisatorar
 - b) Mjuknarar
7. Reststoff som kan vere til stades i sluttproduktet
 - a) Formaldehyd
 - b) Løysemiddel
 - c) Ureagerte monomerar
 - d) Flyktige aromatiske sambindingar og halogenerte sambindingar

5 a)(ii) *Vilkår for unntak som gjeld produksjonsstader*

Produksjon av måling og lakk er underlagd ytterlegare vilkår dersom det er gjeve unntak for stoff som har akutt giftverknad eller giftverknad på visse organ. I slike tilfelle skal søkjarane leggje fram prov på at dei har oppfylt følgjande krav:

- Stoff som kjem inn under klassifiseringa akutt giftverknad eller giftverknad på visse organ, skal vere i samsvar med dei relevante europeiske rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet eller dei tilsvarande grenseverdiane i medlemsstatane, der dei grenseverdiane som er strengast, skal nyttast.
- Dersom det ikkje finst nokon referansegrenseverdiar for eksponering i arbeidet, skal søkjaren vise korleis eksponeringa vert redusert til eit minimum gjennom helse- og tryggleiksprosedyrar for handtering av innhaldsstoff på produksjonsstaden der det ferdige miljømerkte målingsproduktet vert framstilt.
- Dersom klassifiseringa gjeld eit stoff i form av aerosol eller damp, skal det visast at arbeidstakarar ikkje vert eksponerte for stoffet i denne forma.
- Dersom klassifiseringa gjeld eit stoff i tørr tilstand, skal det visast at arbeidstakarar ikkje kan kome i kontakt med stoffet i denne tilstanden under framstillinga.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal kunne påvise at dette kriteriet er oppfylt ved å leggje fram ei fråsegn om klassifisering og/eller ikkje-klassifisering for

- den ferdige målinga eller lakken, på grunnlag av dei metodane for klassifisering av stoffblandingar som er fastsette i forordning (EF) nr. 1272/2008 og alle etterfølgjande endringar,
- delemne i samansetnaden til måling eller lakk som kjem inn under stoffgruppene som er førte opp i 5 a)(i), og som finst i konsentrasjonar som er høgare enn 0,010 %.

Denne fråsegna skal byggje på opplysningar som er samla inn i samsvar med krava i tillegget.

Det skal òg opplysast om verksame stoff som kan vere underlagde særlege konsentrasjonsgrenser i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, og som kan finnast i konsentrasjonar som er lågare enn grenseverdien på 0,010 %.

Følgjande tekniske opplysningar skal leggjast fram som underlag for fråsegna om klassifisering eller ikkje-klassifisering av delemne:

- i) For stoff som ikkje er registrerte innanfor ramma av REACH-forordninga, eller som ikkje enno har ei harmonisert CLP-klassifisering: opplysningar som oppfyller krava i vedlegg VII til REACH-forordninga.
- ii) For stoff som er registrerte innanfor ramma av REACH-forordninga, og som ikkje oppfyller krava til CLP-klassifisering: opplysningar som byggjer på registreringsdokumentasjonen i REACH, som stadfester at stoffet ikkje er klassifisert.
- iii) For stoff som har ei harmonisert klassifisering eller er sjølvklassifiserte: eventuelle tryggleiksdatablad. Dersom det ikkje ligg føre tryggleiksdatablad, eller dersom stoffet er sjølvklassifisert, skal dei opplysningane som i medhald av vedlegg II til REACH-forordninga er relevante for fareklassifiseringa av stoffa, leggjast fram.
- iv) For stoffblandingar: eventuelle tryggleiksdatablad. Dersom det ikkje ligg føre tryggleiksdatablad, skal utrekninga av klassifiseringa til stoffblandinga leggjast fram i samsvar med føresegnene i forordning (EF) nr. 1272/2008, saman med opplysningar om fareklassifiseringa til stoffblandinga i samsvar med vedlegg II til REACH-forordninga.

Stoff og stoffblandingar skal skildrast i samsvar med avsnitt 10, 11 og 12 i vedlegg II til REACH-forordninga (krav til utarbeiding av tryggleiksdatablad). Dette skal omfatte opplysningar om den fysiske forma og tilstanden til delemna, i tillegg til opplysningar om dei delemna som inneheld framstilt nanomateriale der minst 50 % av partiklane i den talmessige storleiksfordelinga har eitt eller fleire ytre mål i storleiksintervallet 1–100 nm.

Søkjaren skal òg opplyse om dei stoffa og stoffblandingane som er nytta i målingssamansetnaden, og som kjem inn under dei særlege krava til unntak som er førte opp i tillegget. For kvart stoff eller kvar stoffblanding som det er gjeve unntak for, skal det leggjast fram utfyllande opplysningar som viser korleis unntakskrava er vortne oppfylte.

5 b) *Avgrensingar som gjeld for stoff som gjev svært stor grad av uro*

I samsvar med artikkel 6 nr. 7 i forordning (EF) nr. 66/2010 skal sluttproduktet, delemna eller råstoffa, med mindre det er gjeve særlege unntak, ikkje innehalde stoff som

- oppfyller kravet i artikkel 57 i REACH-forordninga,
- er identifiserte i samsvar med den framgangsmåten som er omtala i artikkel 59 nr. 1 i REACH-forordninga, som fastset ei kandidatliste over stoff som gjev svært stor grad av uro.

Det skal ikkje gjevast unntak for stoff som oppfyller eitt av eller begge desse vilkåra, og som finst i eit målings- eller lakkprodukt i konsentrasjonar som er høgare enn 0,10 vektprosent.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane hans. Søklarane skal vise at innhaldsstoffa er kontrollerte mot den gjeldande kandidatlista over stoff som gjev svært stor grad av uro, og mot kriteria i artikkel 57 i REACH-forordninga.

5 c) *Avgrensingar som gjeld for visse farlege stoff*

Sluttproduktet skal ikkje innehalde dei farlege stoffa som er spesifiserte i tillegget, i konsentrasjonar som svarar til eller overstig dei oppførte konsentrasjonsgrensene. Avgrensingane for stoffa i tillegget skal nyttast på følgjande delemne og reststoff i måling og lakk:

- i) Konserveringsmiddel til tørrfilm
- ii) Konserveringsmiddel i fargebrekkingsmaskiner
- iii) Konserveringsmiddel for produkt under lagring
- iv) Stabilisatorar for konserveringsmiddel
- v) Overflateaktive stoff i form av alkylfenoletoksydat (APEO)
- vi) Perfluorerte overflateaktive stoff
- vii) Metall og sambindingane deira
- viii) Pigment
- ix) Mjuknarar
- x) Fritt formaldehyd

Vurdering og kontroll: Krava til kontroll og prøving er oppførte i tillegget for kvart stoff og i høve til kva som er relevant for dei spesifikke typane måling og lakk.

Kriterium 6. Forbrukaropplysning

6 a) Emballasjen skal vere påført eller vedlagd følgjande tekst:

- «Reduser målingsavfallet mest mogleg ved å finne ut kor mykje måling du treng»
- «Ta vare på måling som er til overs, slik at du kan nytte ho seinare»
- «Ved å nytte måling som er til overs, kan du effektivt minske den verknaden produktet har på miljøet gjennom livssyklusen sin»

- 6 b) Emballasjen skal vere påført eller vedlagd følgjande allmenne opplysningar og råd:
- Korleis forbrukaren allereie før kjøpet kan finne ut kor mykje måling som trengst for å minske målingsavfallet, og ei rettleiande tilråding om mengd (t.d. at det trengst x liter med måling per 1 m² vegg).
 - Korleis forbrukaren kan handsame «unytta måling» og, dersom dette finst, ei lenkje til ein nettstad eller kontaktinformasjon der forbrukaren kan finne nærmare opplysningar.
- 6 c) Emballasjen skal vere påført eller vedlagd følgjande råd og tilrådingar om korleis målinga skal handsamast:
- Tryggleikstiltak for brukaren. Dette skal omfatte grunnleggjande tilrådingar om personleg verneutstyr som bør nyttast. Det skal òg omfatte ytterlegare tiltak som bør gjerast når det vert nytta utstyr til sprøyting.
 - Råd om reingjeringsutstyr og høveleg avfallshandtering (for å avgrense vass- og jordureining). Til dømes ein tekst som opplyser om at unytta måling må handsamast som spesialavfall for trygg miljøvennleg handtering, og difor ikkje bør kastast saman med hushaldsavfall eller kommersielt avfall (t.d. «Ikkje hell målingsrestar i kjøkkenvasken, toalettet eller søppelbøtta»).
 - Høvelege lagringstilhøve for målinga (før og etter opning), medrekna råd om tryggleik der dette er relevant.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller kravet og, som ein del av søknaden, leggje fram for det rette organet illustrasjonar eller eksemplar av brukarinformasjonen og/eller ei lenkje til produsenten sin nettstad, som inneheld desse opplysningane. Det skal opplysast om den rettleiande målingsmengda som er tilrådd.

Kriterium 7. Opplysningar på EU-miljømerket

Eit valfritt merke med tekstfelt skal, der det er relevant, innehalde følgjande tekst:

- Innhaldet av farlege stoff er redusert til eit minimum
- Redusert innhald av flyktige organiske sambindingar (VOC): x g/l
- Godt eigna til innandørs bruk (*når innandørskriteria er oppfylte*), eller
- Godt eigna til utandørs bruk (*når utandørskriteria er oppfylte*), eller
- Godt eigna til både innandørs og utandørs bruk (*når både innandørs- og utandørskriteria er oppfylte*)

Retningslinjene for bruk av det valfrie merket med tekstfelt er å finne i «Guidelines for use of the Ecolabel logo» på følgjande nettstad:

http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo_guidelines.pdf

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av etiketten til produktet eller ein illustrasjon av emballasjen der EU-miljømerket er plassert, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

—

Tillegg

LISTE OVER AVGRENSINGAR OG UNNTAK FOR FARLEGE STOFF

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
-------------	---	-----------------------------------	-----------------------

1. **Konserveringsmiddel som er tilsette i fargestoff, bindemiddel og sluttproduktet**

i) Føresegner om godkjenning av biocid

Målingssamansetnaden skal berre innehalde konserveringsmiddel som oppfyller krava i 1 a–c (alt etter kva som høver), er godkjende i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF⁽¹⁾ og forordning (EU) nr. 528/2012, og som det i vurderingsrapporten er oppført ei risikovurdering for med omsyn til yrkesbruk og/eller privat bruk. Søkjarane bør nytte den siste versjonen av godkjenningslista.

I dei tilfella der det er sendt inn dokumentasjon for konserveringsmiddel, men det ikkje er gjort noko vurdering med omsyn til godkjenning eller ikkje, kan konserveringsmidla nyttast i ein overgangsperiode fram til det vert teke ei avgjerd.

ii) Samla tillate innhald av konserveringsmiddel for produkt under lagring og for tørrfilm i det bruksferdige produktet

Konserveringsmiddel for produkt under lagring og for tørrfilm kan nyttast i innandørs- og utandørsprodukt i samsvar med dei samla konsentrasjonane som er førte opp i tabellen nedanfor.

Samla tillate innhald av konserveringsmiddel i målings- og lakkprodukt

Type konserveringsmiddel	Innandørsprodukt	Utandørsprodukt
Konserveringsmiddel for produkt under lagring	0,060 %	0,060 %
Konserveringsmiddel til tørrfilm	Ikkje tillatne	0,30 %
Unntak:		
i) Måling til bruk i område med svært høg luftfukt	0,10 %	Ikkje relevant
ii) IPBC-kombinasjonar til vern utandørs	Ikkje relevant	0,65 %
Samla innhald av konserveringsmiddel	0,060 %	0,360 %
Med unntak i) eller ii) for konservering av tørrfilm	0,160 %	0,710 %

iii) Samla tillate innhald av stoff og sambindingar med isotiazolinon i det bruksferdige produktet

Det samla innhaldet av isotiazolinonsambindingar skal ikkje overstige 0,050 % (500 ppm) i målings- eller lakkprodukt, bortsett frå i utandørsmåling og -lakk til treverk, der innhaldet ikkje skal overstige 0,20 %. For følgjande konserveringsmiddel som det er gjeve unntak for, gjeld særskilde grenseverdier for kor stor del dei kan utgjere av det samla innhaldet av isotiazolinon-sambindingar i det bruksferdige sluttproduktet.

2-metyl-2H-isotiazol-3-on: 0,0200 %

1,2-benzisotiazol-2(2H)-on: 0,0500 %

2-oktyl-2H-isotiazol-3-on: 0,0500 %, bortsett frå i utandørsmåling og -lakk til treverk, der konsentrasjonen kan vere høgare

5-klor-2-metyl-4-isotiazolin-3-on/2-metyl-4-isotiazolin-3-on: 0,0015 %

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
<p>a) Konserveringsmiddel for produkt under lagring</p> <p>Bruk: Alle produkt med mindre noko anna er fastsett</p>	<p>Konserveringsmiddel for produkt under lagring som er klassifiserte med følgjande fareklassifisering som det er gjeve unntak for, kan nyttast i miljømerkte produkt: Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H331 (R23), H400 (R50), H410 (R50/53), H411 (R51/53), H412 (R52/53), H317 (R43)</p> <p>Konserveringsmiddel for produkt under lagring som er klassifiserte med desse fareklassifiseringane som det er gjeve unntak for, må òg oppfylle følgjande vilkår for unntak:</p> <ul style="list-style-type: none"> — Den samla konsentrasjonen skal ikkje overstige 0,060 vektprosent — Stoff som er klassifiserte med H400 (R50) og/eller H410 (R50/53), skal ikkje vere bioakkumulerande. Stoff som ikkje er bioakkumulerande, skal ha log $Kow \leq 3,2$ eller ein biokonsentrasjonsfaktor (BCF – bioconcentration factor) ≤ 100. — Det skal leggjast fram prov på at vilkåra for godkjenning i medhald av direktiv 98/8/EF og forordning (EU) nr. 528/2012 er oppfylte for produktet. — Dersom det vert nytta konserveringsmiddel som gjev frå seg formaldehyd, skal formaldehydinnhaldet og -utsleppa frå sluttproduktet oppfylle dei avgrensingskrava som er fastsette i 7 a). <p>For følgjande konserveringsmiddel gjeld det særlege konsentrasjonsgrenser:</p> <ol style="list-style-type: none"> i) Sinkpyrition ii) N-(3-aminopropyl)-N-dodecylpropan-1, 3-diamin 	<p>Konserveringsmiddel for produkt under lagring</p> <p>Samla innhald i sluttproduktet: 0,060 vektprosent</p> <p>Konsentrasjonsgrense 0,050 % 0,050 %</p>	<p>Kontroll: Fråsegn frå søkjaren og leverandøren hans av bindemiddel, saman med CAS-nummer og klassifiseringar for dei verksame stoffa i sluttproduktet og bindemiddelet.</p> <p>Dette skal omfatte søkjaren si utrekning av konsentrasjonen av det verksame stoffet i sluttproduktet.</p> <p>I samsvar med krava i artikkel 58 nr. 3 i forordning (EU) nr. 528/2012 (biocidforordninga) skal det gjevast opplysningar om alle framstilte verksame stoff der minst 50 % av partiklane i den talmessige storleiksfordelinga har eitt eller fleire ytre mål i storleiksintervallet 1–100 nm.</p>
<p>b) Konserveringsmiddel (til fargestoff) i fargebrekkingsmaskiner</p>	<p>Dei fareklassifiseringane som det er gjeve unntak for, og som er førte opp i 1 a), skal saman med vilkåra for unntak i 1 a) òg gjelde for konserveringsmiddel som vert nytta til å konservere brekkfargar som ligg lagra i maskiner før dei vert blanda med målingsbasar.</p> <p>Konserveringsmiddel som vert tilsette for å verne brekkfargar som skal tappast frå maskiner, skal ikkje overstige eit samla innhald på 0,20 vektprosent.</p> <p>For følgjande konserveringsmiddel gjeld det særlege konsentrasjonsgrenser for kor stor del dei kan utgjere av det samla innhaldet av konserveringsmiddel i fargestoffet:</p> <ol style="list-style-type: none"> i) 3-iodo-2-propynylbutylkarbamat (IPBC) ii) Sinkpyrition iii) N-(3-aminopropyl)-N-dodecylpropan-1, 3-diamin 	<p>Samla innhald av konserveringsmiddel i fargestoffet: 0,20 vektprosent</p> <p>0,10 % 0,050 % 0,050 %</p>	<p>Kontroll: Fråsegn frå søkjaren og/eller leverandøren hans av brekkfargar, saman med CAS-nummer og klassifiseringar for dei verksame stoffa i sluttproduktet og bindemiddelet.</p> <p>Dette skal omfatte utrekning av konsentrasjonen av det verksame stoffet i sluttproduktet.</p> <p>I samsvar med krava i artikkel 58 nr. 3 i forordning (EU) nr. 528/2012 (biocidforordninga) skal det gjevast opplysningar om alle framstilte verksame stoff der minst 50 % av partiklane i den talmessige storleiksfordelinga har eitt eller fleire ytre mål i storleiksintervallet 1–100 nm.</p>

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
c) Konserveringsmiddel til tørrfilm Bruk: Utandørsmåling, innandørsmåling til særskilde bruksområde	<p>Konserveringsmiddel til tørrfilm og stabilisatorane deira som er klassifiserte med følgjande fareklassifisering som det er gjeve unntak for, kan nyttast i alle utandørsprodukt, men berre i særskilde innandørsprodukt:</p> <p>Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H400 (R50), H410 (R50/53), H411 (R51/53), H412 (R52/53), H317 (R43)</p> <p>Konserveringsmiddel til tørrfilm som er klassifiserte med desse fareklassifiseringane som det er gjeve unntak for, må òg oppfylle følgjande vilkår for unntak:</p> <ul style="list-style-type: none"> — Den samla konsentrasjonen skal ikkje overstige 0,10 vektprosent eller 0,30 vektprosent (alt etter kva som høver) — Stoff som er klassifiserte med H400 (R50) og/eller H410 (R50/53), skal ikkje vere bioakkumulerande. Stoff som ikkje er bioakkumulerande, skal ha log Kow $\leq 3,2$ eller ein biokonsentrasjonsfaktor (BCF) ≤ 100. — Det skal leggjast fram prov på at dei vilkåra som er førte opp i vilkåra for godkjenning av konserveringsmiddel i medhald av direktiv 98/8/EF (biociddirektivet) og forordning (EU) nr. 528/2012 (biocidforordninga), er oppfylte. <p>For følgjande konserveringsmiddel til tørrfilm gjeld eit høgare samla innhald, men berre for særskilde bruksområde:</p> <p>Kombinasjonar av 3-iodo-2-propynylbutylkarbamat (IPBC)</p> <p>Måling og lakk til utandørs bruk</p> <p>For følgjande konserveringsmiddel gjeld det særlege konsentrasjonsgrenser:</p> <p>Sinkpyrition</p>	<p>Konserveringsmiddel til tørrfilm</p> <p>Samla innhald i sluttproduktet:</p> <p>Innandørsmåling til bruk i område med svært høg luftfukt, medrekna kjøkken og badarom</p> <p>0,10 % vektprosent</p> <p>All bruk av utandørsmåling</p> <p>0,30 % vektprosent</p> <p>Samla innhald av IPBC-kombinasjonar i utandørsmåling</p> <p>0,650 %</p> <p>0,050 %</p>	<p>Kontroll:</p> <p>Fråsegn frå søkjaren og leverandøren hans av bindemiddel, saman med CAS-nummer og klassifiseringar for dei verksame stoffa i sluttproduktet og bindemiddelet.</p> <p>Dette skal omfatte søkjaren si utrekning av konsentrasjonen av det verksame stoffet i sluttproduktet.</p> <p>I samsvar med krava i artikkel 58 nr. 3 i forordning (EU) nr. 528/2012 (biocidforordninga) skal det gjevast opplysningar om alle framstilte verksame stoff der minst 50 % av partiklane i den talmessige storleiksfordelinga har eitt eller fleire ytre mål i storleiksintervallet 1-100 nm.</p>
d) Stabilisatorar for konserveringsmiddel	<p>Det vert gjeve unntak for bruk av sinkoksid som stabilisator for kombinasjonar av konserveringsmiddel til tørrfilm som krev sinkpyrition eller 1,2 benzisotiazol-3(2H)-on (BIT).</p>	0,050 %	<p>Kontroll:</p> <p>Fråsegn frå søkjaren og råstoffleverandørane hans.</p>

2. Tørkemiddel og middel som motverkar hinnedanning

a) Tørkemiddel Bruk: Alle målingsprodukt med mindre noko anna er fastsett	<p>Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H301 (R24), H317 (R43), H373 (H48/20-22), H412 (R52/53), H413 (R53)</p> <p>Tørkemiddel med kobolt i alkydmåling, som òg er klassifiserte med H400 (R50) og H410, har fått unntak for kvit og lys måling, men berre opp til følgjande konsentrasjonsgrense:</p>	<p>Samla innhald av tørkemiddel</p> <p>0,10 % vektprosent</p> <p>Grenseverdi for tørkemiddel med kobolt</p> <p>0,050 %</p>	<p>Kontroll:</p> <p>Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.</p>
b) Middel som motverkar hinnedanning Bruk: Alle målingsprodukt	<p>Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H412 (R52/53), H413 (R53), H317 (R43)</p>	0,40 % vektprosent	<p>Kontroll:</p> <p>Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.</p>

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
-------------	---	-----------------------------------	-----------------------

3. Korrosjonshemmarar

a) Rustvern-pigment Bruk: Der det er naudsynt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H410 (R50/53), H411 (R51/53), H412 (R52/53), H413 (R53) Konsentrasjonsgrenser som skal nyttast: i) Klasse d, i, j i direktiv 2004/42/EF om måling ii) Alle andre produkt	8,0 % vektprosent 2,0 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med tryggleiksdatablad.
b) Førebyggjande middel mot eir Bruk: Der det er naudsynt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H412 (R52/53), H413 (R53)	0,50 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.

4. Overflateaktive stoff

a) Overflateaktive stoff til generell bruk Bruk: Overflateaktive stoff som vert nytta i alle produkt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H411 (R51/53), H412 (R52/53), H413 (R53) Følgjande verdiar for samla innhald skal gjelde for det bruksferdige sluttproduktet: — kvite og lyse produkt — alle andre fargar Unntaket gjeld for den samansetnaden av overflateaktive stoff som vert levert til målingsprodusenten. Særskilde avgrensingar gjeld for alkylfenoletoksylat (APEO) og perfluorerte overflateaktive stoff.	Samla innhald av overflateaktive stoff i det bruksferdige produktet: 1,0 % vektprosent 3,0 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren, råstoffleverandørane hans og/eller leverandøren av overflateaktive stoff skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar for dei overflateaktive stoffa som er nytta.
b) Alkylfenoletoksylat (APEO) Bruk: Overflateaktive stoff som vert nytta i alle produkt	Alkylfenoletoksylat (APEO) og derivat av det skal ikkje nyttast i stoffblandingar eller samansetnader som inngår i måling eller lakk.	Ikkje relevant	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn om at alkylfenoletoksylat ikkje er nytta, saman med CAS-nummer og klassifiseringar for dei overflateaktive stoffa som er nytta.
c) Perfluorerte overflateaktive stoff Bruk: Overflateaktive stoff som vert nytta i særskilde produkt	Langkjeda perfluorerte overflateaktive stoff, slik dei er gjort greie for i den følgjande definisjonen til OECD, skal ikkje nyttast: i) perfluorkarboksylysyler med karbonkjedelengd \geq C8, medrekna perfluoroktansyre (PFOA), ii) perfluoralkylsulfonat med karbonkjedelengd \geq C6, medrekna perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og perfluoroktansulfonat (PFOS), og iii) nærskyldte sambindingar som kan brytast ned til stoffa i i) og ii), skal ikkje finnast i det overflateaktive stoffet eller som reststoff i målinga eller lakken.	Ikkje relevant	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn om at perfluorerte overflateaktive stoff ikkje er nytta, saman med CAS-nummer og opplysningar om kjedelengda for dei overflateaktive stoffa som er nytta.

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
	Perfluorerte overflateaktive stoff som ikkje oppfyller i), ii) eller iii), kan berre nyttast i måling som har motstandsevne mot vatn eller er vassavstøytande (sjå høvesvis brukseffektivitetskriterium 3 b) og 3 g)), og som har ei spreieevne som er større enn 8 m ² /l (sjå brukseffektivitetskriterium 3 a)).		

5. Diverse funksjonelle stoff til generell bruk

a) Silikon-harpiksemulsjon i kvit måling, fargestoff og basar i brekkfargesystem Bruk: Alle målingsprodukt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H412 (R52/53), H413 (R53)	2,0 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.
b) Metall og sambindingane deira Bruk: Alle produkt	Følgjande metall og sambindingane deira skal ikkje finnast i produktet eller delemna som er nytta i produktet, i konsentrasjonar som overstig den oppførte grenseverdien: Kadmium, bly, seksverdig krom, kvikksølv, arsen, barium, selen, antimon og kobolt. Følgjande unntak skal gjelde: — barium, antimon og kobolt i pigment (sjå avgrensing 5 f)), — kobolt i tørkemiddel (sjå avgrensing 2 a)).	Grenseverdi på 0,010 % per oppførte metall	Kontroll: Fråsegn frå søkjaren og råstoffleverandørane hans.
c) Mineralråstoff medrekna fyllstoff Bruk: Alle målingsprodukt	Det er gjeve unntak for mineralråstoff medrekna krystallinsk silika og leukofyllittmineral som inneheld krystallinsk silika, med omsyn til H373 (R48/20). Mineralråstoff som inneheld metall som er nemnde i avgrensing 5 b), kan nyttast dersom laboratorieprøvingar viser at metallet er bunde i eit krystallgitter og er uløseleg (sjå aktuell prøvingsmetode). Det er gjeve unntak for følgjande fyllstoff på grunnlag av dette: Nefelinsyenitt som inneheld barium.		Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar. Søkjaren som ønskjer å nytte bindemiddel som inneheld metall som er underlagde restriksjonar, skal sende inn prøvingsrapportar som er utarbeidde i samsvar med den standarden som er ført opp. Prøvingsmetode: DIN 53770-1 eller tilsvarende
d) Nøytraliseringsmiddel Bruk: Alle målingsprodukt med mindre noko anna er fastsett	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H311 (R24), H331 (R23), H400 (R50), H410 (R50/53), H411 (R51/53), H412 (R52/53), H413 (R53) Følgjande konsentrasjonsgrenser skal gjelde: — Lakk og golvmåling — Alle andre produkt	1,0 % vektprosent 0,50 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
e) Optiske kvitgjeringsmiddel Bruk: Alle målingsprodukt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H413 (R53)	0,10 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.
f) Pigment Bruk: Alle produkt	Pigment som inneheld metall, skal berre nyttast dersom laboratorieprøvingar av pigmentet viser at metallkromoforen er bunden i eit krystallgitter og er uløyseleg. Det er gjeve unntak for følgjande pigment som inneheld metall, og dei kan nyttast utan krav om prøving: — bariumsulfat, — antimonnikkel (breithauptitt) i eit uløyseleg TiO ₂ -gitter, — koboltaluminat blå spinell, — koboltkromitt blågrøn spinell.	Ikkje relevant	Kontroll: Prøvningsresultat som viser at pigmentkromoforen er bunden i eit krystallgitter og er uløyseleg. Prøvningsmetode: DIN 53770-1 eller tilsvarende

6. Diverse funksjonelle stoff til særskild bruk

a) Middel til vern mot UV-strålar og stabilisatorar til utandørsmåling Bruk: Utandørsmåling	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H317 (R43), H411 (R51/53), H412 (R52/53), H413 (R53)	0,60 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.
b) Mjuknarar i måling og lakk Bruk: Der dei inngår i samansetnaden	Følgjande ftalat skal ikkje medvite tilsetjast som mjuknarar: DEHP (bis(2-etylheksyl)-ftalat) BBP (butylbenzylftalat) DBP (dibutylftalat) DMEP (bis(2-metoksyetyl)-ftalat) DIBP (diisobutylftalat) DIHP (di-C6-8-forgreina alkylftalat) DHNUP (di-C7-11-forgreina alkylftalat) DHP (di-n-heksylftalat)	Konsentrasjonsgrense for kvart einskilt ftalat: 0,010 %	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
-------------	---	-----------------------------------	-----------------------

7. Reststoff som kan vere til stades i sluttproduktet

<p>a) Formaldehyd Bruk: Alle produkt</p>	<p>Fritt formaldehyd skal ikkje medvite tilsetjast sluttproduktet. Sluttproduktet skal prøvast med omsyn til innhald av fritt formaldehyd. Prøvetakingskrava i samband med prøvinga skal spegle att produktserien. Følgjande grenseverdi for samla innhald skal nyttast:</p> <p>Det er gjeve følgjande unntak frå dette kravet:</p> <p>i) Dersom konserveringsmiddel som gjev frå seg formaldehyd, må nyttast som konserveringsmiddel for produkt under lagring for å verne måling eller lakk av ein særskild type, og dersom dette konserveringsmiddelet vert nytta i staden for konserveringsmiddel med isotiazolinon.</p> <p>ii) Dersom polymerdispersjonar (bindemiddel), gjennom restmengder av formaldehyd, fungerer som formaldehydavgjevande stoff i staden for konserveringsmiddel for produkt under lagring.</p> <p>I slike tilfelle skal det samla innhaldet ikkje overstige følgjande grenseverdi:</p>	<p>0,0010 %</p> <p>0,010 %</p>	<p>Kontroll:</p> <p>Innhaldet av fritt formaldehyd skal fastsetjast for den kvite basen eller gjennomsluktige basen før brekking som vert rekna for å innehalde den største teoretiske mengda formaldehyd. Innhaldet i den brekkfargen som vert rekna for å innehalde den største teoretiske mengda formaldehyd, skal òg fastsetjast.</p> <p>Prøvmetsmetode:</p> <p>Grenseverdien 0,0010 %:</p> <p>Fastsetjing av konsentrasjonen for produkt under lagring etter Merckoquant-metoden. Dersom denne metoden ikkje gjev eit eintydig resultat, skal høgtrykksvæskekromatografi (HPLC) nyttast for å stadfeste konsentrasjonen under lagring.</p> <p>Grenseverdien 0,010 %:</p> <p>1) All måling: fastsetjing av formaldehydkonsentrasjonen under lagring ved bruk av analyse som omfattar VdL-RL 03 eller høgtrykksvæskekromatografi (HPLC),</p> <p>og</p> <p>2) Måling og lakk til innandørs bruk: fastsetjing ved bruk av analyse i samsvar med ISO 16000-3. Utsleppa må ikkje overstige 0,25 ppm etter første strøk, og dei må vere mindre enn 0,05 ppm 24 timar etter første strøk.</p>
--	--	--------------------------------	--

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjonsgrenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
b) Løysmiddel Bruk: Alle produkt	Klassifiseringar som det er gjeve unntak for: H304 (R65)	2,0 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.
c) Ureagerte monomerar Bruk: Polymerbindemiddelsystem	Ureagerte monomerar frå bindemiddel, medrekna akrylsyre, kan finnast i sluttproduktet opp til ein grenseverdi for samla innhald.	0,050 % vektprosent	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn saman med CAS-nummer og klassifiseringar.
d) Flyktige aromatiske hydrokarbon og halogenerte løysmiddel Bruk: Alle produkt	Det skal ikkje finnast flyktige aromatiske hydrokarbon og halogenerte løysmiddel i sluttproduktet.	Grenseverdi for restmengd: 0,01 %	Kontroll: Søkjaren og råstoffleverandørane hans skal leggje fram ei fråsegn om at flyktige aromatiske hydrokarbon og halogenerte løysmiddel ikkje er nytta, saman med CAS-nummer og klassifiseringar.

(¹) Europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF av 16. februar 1998 om markedsføring av biocidprodukter (TEF L 123 av 24.4.1998, s. 1).